



## Fylkesmannen i Hordaland

Sakshandsamar, innvalstelefon  
Marianne Svege, 5557 2255

Vår dato  
20.11.2015  
Dykkar dato

Vår referanse  
2015/13528 363.3  
Dykkar referanse

Radøy kommune  
Radøyvegen 1690  
5936 Manger

### **Vi ber om at brevet vert distribuert til:**

Ordførar  
Rådmann

### **Oppmoding om busetting av flyktningar i 2016 - Radøy kommune**

Fylkesmannen i Hordaland syner til tidlegare oppmoding om busetting av flyktningar i 2016 sendt 21.8.2015. Her oppmodar Fylkesmannen Radøy kommune til å busette minst 20 flyktningar i 2016.

I dette brevet oppdaterer Fylkesmannen oppmodinga til kommunen for 2016 etter at busettingsbehovet for 2016 har auka.

Flyktningkrisa og det store talet asylsøkarar som kjem til Noreg fører til eit auka behov for busetting av flyktningar generelt og einslege barn og unge flyktningar spesielt. Difor må kommunane busette langt fleire flyktningar enn det talet Fylkesmannen tidlegare har oppmoda kommunane om.

Nasjonalt utval, som er samansett av representantar frå kommune og stat, har oppjustert tidlegare busettingsbehov og fastsett at det vil vere behov for å busette minst 18 000 flyktningar i 2016. Det er ein auke på nær 30 prosent samanlikna med tidlegare oppmoding på 14 000 for 2016. Førebels plantal for 2017 er oppjusterte til minst 21 000 flyktningar, som er ein auke på nær 60 prosent samanlikna med tidlegare plantal på 13 200. For meir informasjon om behovet for busetting av flyktningar, sjå IMDi sine heimesider [www.imdi.no/bosettingsbehov](http://www.imdi.no/bosettingsbehov).

Det er ein sær stor auke i talet einslege barn og unge under 18 år (einslege mindreårige) som skal busettast i 2016. Oppdaterte prognosar viser at det er behov for å busette minst 4 400 einslege mindreårige i 2016. Førebels plantal for 2017 er oppjustert til minst 7 000 einslege mindreårige. Om lag 20 prosent av de einslege mindreårige er under 15 år. Med bakgrunn i dette går Fylkesmannen ut med en oppmoding til alle busettingskommunar om òg å busette einslege mindreårige.

**Med bakgrunn i det auka behovet for busettingsplasser, ber Fylkesmannen Radøy kommune om å ta i mot 25 flyktningar i 2016, der minst sju er einslege barn og unge.**

**Bufetat har ansvaret for busetting av dei einslege mindreårige flyktningane under 15 år. Oppmodingstalet inkluderer òg desse.**

**Med bakgrunn i det auka behovet for busettingsplasser, ber Fylkesmannen Radøy kommune om å leggje til grunn følgjande førebels plantal for 2017:**

- **Minst 29 flyktningar i 2017, der minst elleve er einslege barn og unge. Bufetat har ansvar for busetting av einslege mindreårige flyktningar under 15 år. Plantalet inkluderer òg desse.**

Det er stor uvisse knytt til kor mange asylsøkarar som kjem til Noreg i 2016 og 2017. Fylkesmannen vil i løpet av 2016 oppdatere kommunen på busettingsbehovet for 2017 i det årlege oppmodingsbrevet, og så langt som mogleg gje førebels plantal for 2018 og 2019.

Fylkesmannen ønskjer å understreke betydninga av presise vedtak for det talet flyktningar som kommunen skal busette. Vedtak må fattast utan atterhald. Vi ber om at det ikkje vert fatta vedtak som inkluderer familiegjenforening eller som ikkje gjer det mogleg å gjennomføre busettingsarbeidet. Skulle det av ulike grunnar ikkje la seg gjere å realisere busettingsplassane i løpet av året, ber vi om at plassar som ikkje er vorte brukte blir overført til neste års busetting.

#### **Økonomi og rammevilkår**

I statsbudsjettet for 2016 og i tilleggsnummer om auka asyltilstrøyming foreslår regjeringa å auke det særskilde tilskotet med kr. 100 000 per einsleg mindreårige flyktning som vert busett i 2016, og eit ekstratilskot på kr. 50 000 per flyktning som kommunen busett i 2016 utover det talet kommunen vart oppmoda om for 2015. For meir informasjon om dei ulike tilskotsordningane som følgjer med busetting av flyktningar, sjå IMDi sine heimesider [www.imdi.no](http://www.imdi.no)

#### **Kontakt med Fylkesmannen om oppmodinga**

Fylkesmannen deltek gjerne på møter med kommunane om busetting av flyktningar. Det blir sendt eit brev til kommunane om dette i nær framtid. Om kommunen ønskjer meir informasjon om oppmodinga eller om busetting av flyktningar generelt, ta gjerne kontakt med Fylkesmannen i Hordaland.

For å leggje til rette for ei mest mogleg føreseieleg busetting i 2016, ber vi om tilbakemelding frå kommunen innan 31.12.2015. Vi ber dykk sende vedtaket skriftleg og på e-post til Fylkesmannen [fmhpostmottak@fylkesmannen.no](mailto:fmhpostmottak@fylkesmannen.no) med kopi til KS v/Nina Gran [nina.gran@ks.no](mailto:nina.gran@ks.no).

Vi ser fram til eit fortsatt godt samarbeid med Radøy kommune!

Med helsing

Rune Fjeld  
ass fylkesmann

Anne Hjermand  
utdanningsdirektør

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Kopi til:  
IMDi Vest  
KS v/Nina Gran